

## Haustetidsvurderingar veke 33

Måndag 12. august vart det teke haustetidsprøver av Discovery, Summerred og Gravenstein.

Hugs på at er dei best utvikla epla i hagane haustetidsprøvane er frå. Difor er det viktig at ein plukkar i fleire omgangar når haustinga startar og at ein berre plukkar epla som er hausteklare. Dette for å halde god og jamn kvalitet på frukta som vert sendt til mottaket og vidare ut i marknaden.

### Discovery

#### Optimalverdiar ved hausting

Grunnfarge: C3-C4

Dekkfarge: 30 %

Fastleik: 7-8 kg/cm<sup>2</sup>

Sukkerinnhald: Min 10,8 %

Stiveinnhald: 6-8

Streifindeks: 0,09-0,16

Dyrkar	K O Loen	K Kleppe	G A Vereide
Stad	Loen	Innvik	Sandane
Prøve nr	1	2	3
Dato	12.08.2024	12.08.2024	12.08.2024
Fruktvekt g	146 g	157,9 g	137,1
Grunnfarge	C1-C2	C1-C2	C1-C2
Fastleik	8,9	8,05	9,86
Sukker	9,94	9,81	10,56
Stive	3,35	3,8	2,75
Streif	0,26	0,21	0,34

Sukkerinnhaldet er under god utvikling, men ligg under minimum no. Epla treng meir utvikling på både sukker, stive og grunnfargen som framleis er ganske grøn. Utviklinga vil nok gå greitt framover, men det er framleis for tidleg å tenkje på starthausting. Ein kan nok rekne kring 10 dagar alt ettersom. Det vert tekne nye prøvar måndag 19. august som vil vise korleis utviklinga har kome på ei veke.



Frukta har fått fin dekkfarge, men er framleis for grøn i grunnfargen (C1-C2). Dette er prøve 3 – K.Kleppe.



1



2

Stivenedbrytinga har enno noko att. Kanskje kan ein byrje med starthausting i slutten/over helga neste veke i tidlege felt. Sandane heng nok litt etter Loen og Innvik i følgje stiveinnhaldet



3

## Summerred

### Optimalverdiar ved hausting

Grunnfarge: C3-C4

Dekkfarge: 50 %

Fastleik: 7-8 kg/cm<sup>2</sup>

Sukkerinnhald: Min 10,5 %

Stiveinnhald: 5-7

Streif-index: 0,09-0,11

Dyrkar	K O Loen	G A Vereide
Stad	Loen	Sandane
Prøve nr	1	2
Dato	12.08.2024	12.08.2024
Fruktvekt	120,8	131,6
Grunnfarge	C1	C1
Fastleik	9,73	10
Sukker	8,54	10,03
Stive	3,1	2,9
Streif	0,36	0,34

Epla har fått god dekkfarge. Det er framleis mykje att på både grunnfarge og stive. Prøvene frå Sandane har godt utvikla sukkerinnhald og er like under minimumskravet. Summerred er ikkje hausteklar enno, ein kan nok førebels rekne med kring 14 dagar. Det vert tekne nye prøver måndag 19. august. Det kan ligge an til at det vert veldig tett mellom haustetidene for Discovery og Summerred i år.






Det er flott dekkfarge på Summerred.Grunnfargen er enno C1 og er for grøn.

2



Ein ser at det er mykje stive att i frukta enno.

1



2

## Gravenstein

### Optimalverdiar ved hausting

Grunnfarge: C3-C4

Dekkfarge: 50 %

Fastleik: 7-8 kg/cm<sup>2</sup>

Sukkerinnhald: Min 10,8 %

Stiveinnhald: 5-7

Streif-index: 0,08-0,16

Dyrkar	K O Loen	O.R. Lyslo	G.A. Vereide
Stad	Loen	Innvik	Sandane
Prøve nr	1	2	3
Dato	12.08.2024	12.08.2024	12.08.2024
Fruktvekt g	194,7	221,6	164,8
Grunnfarge	C1-C2	C1	C1
Fastleik	9,6	8,56	9,85
Sukker	8,85	9,12	9,5
Stive	1,3	2,7	1,5
Streif	0,57	0,72	0,69

Gravenstein ligg godt an med sukkerinnhaldet når ein ser kor mykje stive det er att i epla. Grunnfargen er lite utvikla og det er mykje stive att.

Haustestart for Gravenstein vert truleg ei god veke etter Summerred. Det vert tekne nye prøver av denne sorten måndag 19. august



Grunnfargen ligg mellom C1-C2 frå prøve 1 Loen



Det er mykje stive att.  
Prøve 1. Loen. Eitt eple  
viser lite stive att, men  
dette kan vere  
hastemodning grunna  
ukjent årsak.

Helsing Synneve Øien Frøyen,  
*Rådgjevar frukt og bær NLR SA*